



Elin Legland stillar opp att, men som nummer 17 på lista. Her er ho vert for dåverande statsråd Ola Borten Mo

Det kjem etter kvart fleire uskedelingar på listene til haustens val, men ingen på særleg framskotne plassar.

Det siste er at Senterpartiet har nominert 3 frå vår bygd på lista - det er Elin Legland, Tor Ove Haugland og Svein Arild Kjærland.

Partiet har kumulert 2 - Hans Inge Myrvold og Gerd Laura Bondhus - og har som målsettjng å få inn 5. I denne perioden har dei tidvis hatt berre ein med.

Høgre har fått listeplass for 4 uskedelingar - Steinar og Oddbjørn Kroka. Espen Zimmer og Andreas Tarberg.

2 frå Venstre er uskedelingar - Kristian Olav Bringedal og Kjell Yri.

Korkje Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti eller Framstegspartiet har uskedelingar på listene.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen